



Tankar om laksen

Tanker om laks: Filosof **Martin Lee Mueller** har arbeidd tværfagleg med filosofiavhandlinga si om laksen, «Being Salmon, Being Human», som han forsvarte ved Institutt for filosofi, idé- og kunsthistorie og klassiske språk ved Universitetet i Oslo 28. juni.

FOTO: HALLVARD ØSTREM / NPK

Nybakt filosofidoktor Martin Lee Mueller vil ha oss til å tenkje over om ord som biomasse og produkt er gode ord å bruke om laksen.

– Eg elsker å ete laks, det kan du gjerne skrive altså. Eg er ikkje motstandar av å ete laks, tvert imot, seier **Martin Lee Mueller** til Nynorsk pressekontor.

Ideen til avhandlinga «Being Salmon, Being Human. A Phenomenology of Story» fekk Mueller da han i 2010 las fiskeriprofessor Rognvaldur Hannesons kronikk «Hva skal vi med villaksen?» i Dagens Næringsliv. Hanneson meinte det var greitt å ofre villaksen til fordel for oppdrettslaksen.

Det provoserande innlegget fortente eit grundig svar, meinte Mueller. No har han fullført og forsvart filosofi-avhandlinga si, men utan å komme med høgroysta kritikk av nokon, verken Hanneson eller andre.

– Eg synest det er viktig å ikkje støyte folk vekk eller angripe nokon personleg, heller ikkje den som seier at tida kanskje er moden for å la villaksen døy ut. Eg har prøvd å sjå på dette i eit meir systematisk perspektiv, seier Mueller.

Open samtale

Men det er ingen tvil om at filosofen er grunnleggjande ueinig med Hanneson: Det er ikkje rett å ofre villaksen.

Oppdrettsnæringa vil han helst ikkje meine så mykje om, men slår fast at oppdrettet slik det er i dag, er problematisk. Han vil likevel ikkje seie om han er prinsipielt mot oppdrett, av frykt for å bli stempla som oppdrettsmotstandar.

– Eg synest det er viktig å opne samtalen i staden for å lukke han, seier Mueller.

– Det handlar om å flytte merksemda frå det

personlege til det meir innbakte, systematiske, det som er mindre openbert, språket. Korleis snakkar vi om dyra? Korleis påverkar språket den fysiske infrastrukturen vi byggjer rundt dyra?

Mennesket i sentrum

Avhandlinga er for det eine ein kritikk av den vestlege antroposentrismen – ideen om mennesket som målestokk for føremål for alt – i lys av det historiske forholdet mellom laks og menneske, laksenæringa, økologi, Gaia-teori og urfolksoppfatningar om laks. For det andre tar avhandlinga for seg det vi i dag veit om korleis det er å vere laks. Empirien seier ein heil del, ifølgje Mueller.

– Vi har komme nærare eit svar. Når vi etter kvart har byrja å skjønne at fisk kan føle frykt, smerte, glede, at laksen har eit sosialt liv, så blir i alle fall samtalen om kva vi kan og bør gjere med dyret, meir komplisert, seier han.

Descartes og verdsmaskina

Mueller trekkjer linjene frå dagens relasjon mellom menneske og laks tilbake til filosofen René Descartes, som på 1600-talet etablerte eit skarpt skilje mellom sjel og materie og såg alt utanfor vår eiga tankeverld som ei komplisert maskin. Der ligg òg kjelda til det å behandle laksen som produkt og biomasse, meiner Mueller.

– Når vi innanfor denne tanketradisjonen ser andre vesen som utanfor, som vesen utan evne til å oppleve smerte, sinne, glede eller frykt, som ikkje har noka form for indre oppleving, så blir det lettare å gjere dei om til noko vi kan bruke, eit objekt.



PÅVERKNAD
Korleis snakkar vi om dyra?

MARTIN LEE MUELLER
FILOSOF

Mueller tviler ikkje på at dei som arbeider tett på laksen, gjerne bryr seg om fisken og korleis han har det, men han er meir opptatt av korleis systemet motarbeider den naturlege empatien vi kan ha overfor laksen.

– Empati er ei evne vi alle har. Av og til kan vi velje, men andre gonger må vi først bli klare over at vi har eit val, seier han og trekkjer fram det tilsynelatande uskuldige ordet biomasse, som ofte blir brukt om laks.

Laksen som biomasse

– Antropologen Marianne Lien, som har forska mykje på laks i Noreg, seier at biomasse er ein hovudmetafor i laksenæringa – laksen som noko kvantifiserbart. I dette ordet kan vi skimte ein kontinuitet til objektiviseringa vi såg hos Descartes, seier laksefilosofen.

– Når vi så ser dette, da har vi eit val: Er dette noko vi framleis kan forsvare i lys av ny forskning? Har vi eit problem? Kva gjer vi med det? spør han.

Doktorgradsarbeidet har Mueller, som opphavleg kjem frå Tyskland, gjort som stipendiat ved det tværfaglege [Senter for utvikling og miljø](#) (Sum), som filosofiprofessor [Arne Næss](#) var med på å grunnleggje ved Universitetet i Oslo i 1990. Og det var nettopp økofilosofen [Arne Næss](#) som lokka Mueller til Noreg.

– Han var ein tidleg inspirasjon og er det framleis, fortel [Martin Lee Mueller](#).

Filosofiavhandlinga hans om laksen skal no bli bok. Og meir kunstnarleg skal Mueller lage forteljarframsyning om laksen saman med forteljaren Georgiana Keable, folkloristen Tiril Bryn og den samiske musikaren Torgeir Vassvik.

HALLVARD ØSTREM, NPK
redaksjonen@nationen.no